



Eittårsfesten starta med ei sangstund.....(Foto: Ola Matti Mathisen)

Onsdag 15. oktober 2007 opna Dønhaug Gardsbarnehage og både tilsette og foreldre var fulle av ros då eittårsdagen vart skikkeleg markert i eitpar timar onsdag ettermiddag. Dette siste barnehagetilbodet i bygda har utan tvil vore vellukka., det får positive kommentarar frå alle hald.

- Alt går bra, meldte styrar Helene Bjørnebøle, som kalla samkoma onsdag ein "bli-kjent-fest". Som planlagt er barn og tilsette mykje ute på tur og bruker naturen flittig. Og etterkvart har ungane fått mange dyr å kosa seg med og vera glade i. Akkurat no består dyreflokken som står til disposisjon av to geiter, fire verar, to hanar, ein kanin og to moskusender, for å vera eksakt.

Alle familiene som har barn i barnehagen var invitert til årsfesten, som starta med ei koseleg sangstund leia av Helene og så var det mat og drikke etterpå.

Dønhaug Gardsbarnehage har fått fem nye barn sidan i vår slik at talet no er oppe i 24. Fleire er det ikkje plass til. Det er også ein polakk og ein litauar i flokken, og alle er busette i Uskedalen.

Av Ola Matti Mathisen



.....og heldt fram med servering av pølser, lappar, saft og kaffe. (Foto: Ola Matti Mathisen)